



«MottakerNavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«UtlandsAdresse»

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Saksnummer	Dykkar ref.	Dato
Synnøve Handeland	404 04 973	2023/2070	«REF»	03.07.2026

IGANGSETJINGSLØYVE – delegert vedtak

Tiltak:	Aktivitetsanlegg Husnes familiepark
Gnr/bnr:	144/84
Byggestad/adresse:	Opsangervegen, 5460 Husnes
Tiltakshavar:	HUSNES UTVIKLING, Postboks 170, 5480 HUSNES
Ansvarleg søkjar:	HUSNES UTVIKLING, Postboks 170, 5480 HUSNES
Matrikkel:	

Dispensasjon er gitt med vedtaksnr 2024/8 i Forvaltningsutvalet den 31.01.2024

Dette igangsetjingsløyvet gjeld heile tiltaket.

Delegert vedtaksnr.: 2026/276

Med heimel i plan- og bygningslova (PBL) § 20-3 vert søknad journalført 19.06.2026 og tilhøyrande planar og teikningar godkjent. Godkjenninga omfattar òg tiltaksklassar, kontrollplanar og ansvarsrettar for funksjonane SØK, PRO og UTF:

SØK Kvinnherad kommune, org nr 964 967 636

PRO Norconsult ASA, org nr 963 865 724

UTF Byggservice AS, org nr 837 909 902 – innmåling og utstikking, veg og grunnarbeid

Det ligg ikkje føre nabomerknader.

Vilkår:

1. Det må lagast tilstrekkeleg sikring av grunn/underlag for aktivitetsparken for å hindra avrenning mot vassdrag.
2. Innmålingsdata må sendast inn til kommunen seinast ved søknad om bruksløyve/ferdigattest.

3. Oppdatert gjennomføringsplan med tilhøyrande ansvarsrettar for leikeapparat må sendastinn før det kan gjevast ferdigattest/bruksløyve.

Tiltaket kan igangsetjast straks.

Løyvet er gyldig i 3 år frå vedtaksdato, etter denne tid fell løyvet bort. Dersom føresetnadane vert endra i høve til dette løyvet, må det søkjast om endring av løyve. Dette løyvet er eit enkeltvedtak som ein kan klaga på etter vilkåra i forvaltningslova § 28 og pbl § 1-9. Klagefristen er 3 veker i frå løyvet vert motteke.

Grunnlag for løyvet

- Dispensasjon gitt den 31.01.2024
- Alle deler av tiltaket er dekkja av ansvar med tilhøyrande ansvarsrett til ansvarlege føretak.
- Då det ikkje er valgt leverandør enno for leikeplassutstyr vert det sett som krav at oppdatert gjennomføringsplan med tilhøyrande ansvarsrettar vert sendt inn før det kan gjevast bruksløyve/ferdigattest.

Merknader

- Dette løyvet er sendt til ansvarleg søkjar som skal varsle utførande og, der det er krav til uavhengig kontroll, kontrollerande om løyvet og vilkåra til dette. Likeins skal han saman med ansvarleg kontrollerande leggja til rette for gjennomføringa av kontrollen.
- Rekning for saksbehandlorgebyr ifølge vedtekne gebyrregulativ vert sendt frå Økonomikontoret til tiltakshavar.
- Søknad om ferdigattest med oppdatert gjennomføringsplan og sluttdokumentasjon må sendast kommunen i samsvar med PBL § 21-10 når tiltaket er ferdig. **Tiltaket må ikkje takast i bruk før ferdigattesten eller mellombels bruksløyve ligg føre.**
- Kommunen har plikt til å føre tilsyn i byggesaker. Ref. PBL § 25-1. Kvinnherad kommune har utarbeidd og godkjent eigen tilsynsstrategi. Kommunen kan føre tilsyn kva tid som helst i løpet av byggesaka og inntil 5 år etter at ferdigattest er gitt.

Alle lovtilvisingar i dette løyvet kan ein finna under internettportalane: www.dibk.no eller www.lovdata.no

For kommunedirektøren i Kvinnherad

Synnøve Handeland
Avdelingsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift

Kopi til:

Tiltakshavar
Referatsak forvaltningsutvalet
Matrikkelen
Sektor for teknikk og miljø

